

# Endringane i bokmålsrettskrivinga i 2005

Torodd Kinn

Januar 2013

## 1 Innleiing

Denne teksten er ei systematisk framstilling av rettskrivingsreforma for bokmål av 2005 og felles endringar i bokmål og nynorsk av same år. Nedanfor er det først ei svært kort framstilling av dei offisielle normeringsprosessane for bokmål og nynorsk sidan 1997. Deretter følgjer endringar i bokmål som gjeld substantivbøying, verbbøying, adjektivbøying o.l., pronomer og determinativ, vokalisme og konsonantisme, og til sist felleseendingar for begge målformer (fornorsking og ymist anna).

Eg karakteriserer ikkje endringar eller former i bokmålet ut frå nokon skala for avstand til nynorsk, dansk eller eldre riksmål eller bokmål (utover det som er nødvendig for å omtale ei endring) eller til norske talemål. Eg omtalar heller ikkje former som lite eller mykje brukte, anna enn når eg refererer eller siterer. Det finst mengder av språkpolitisk engasjert og informert litteratur på prent, og det finst rikeleg med dokumentasjon av det statlege arbeidet med rettskrivingane tilgjengeleg på nettet og i biblioteka. Eg utfordrar lesaren til å lese vidare og tenkje vidare utan at eg skal fortelje han kva han skal lese, eller henne kva ho skal tenkje.

Eg har ikkje teke med alle ord som fekk endra normering. Utelatne ord er i hovudsak fagtermar (t.d. *granul*), ord som eg sjølv ikkje kjenner og derfor reknar med at mange andre heller ikkje kjenner (t.d. *grøppe*), og ord som krev litt lengre utgreiingar (t.d. *stein/sten* åleine og i samansettingar).

Innrykt tekst i mindre skrift er enten meir perifere detaljar eller sånt som har listepreg, og som er til opplysning og ikkje utanåtlæring.

### 1.1 Reformarbeidet frå 1997 i korte trekk

Norsk språkråd sette i gang arbeidet med å reformere både bokmåls- og nynorskrettskrivinga i 1997. Ein ville fjerne lite brukte former i bokmål og redusere talet på valfrie former innanfor læreboknormalen i nynorsk. Rådet gjekk i 1999–2000 inn for å oppheve skiljet mellom læreboknormal og rettskriving (og dermed systemet med sideformer) i bokmål. Departementet slutta seg til dette, inntil vidare utan å godkjenne framlegg til endringar. Departementet bad rådet om å vurdere om skiljet mellom hovud- og sideformer kunne fjernast i nynorsk òg, ettersom ein såg gode grunnar til ei oppheving.

I 2002 vedtok Stortinget einstemmig å gå vekk frå den offisielle politikken om tilnærming mellom nynorsk og bokmål. Målformene skulle i framtida normerast på kvar sine premissar. Men ein del spørsmål, som t.d. fornorsking av lånord, vert likevel framleis handsama parallelt for at ein skal unngå unødige skilnader.

Norsk språkråd arbeidde vidare med begge målformene og la fram forslag om nye rettskrivingar for departementet i 2003. For bokmål godkjende departementet dei aller fleste endringane, inklusive oppheving av skiljet mellom hovud- og sideformer. Den nye rettskrivinga for bokmål vart sett i kraft frå 1. juli 2005.

Nynorskframlegget blei derimot ikkje godkjent av departementet. Hovudgrunnen var nok at rådet hadde gått inn for å halde oppe ordninga med læreboknormal og sideformer. Departementet skreiv at «nynorskrettskrivinga truleg ikkje har funne ei stabil form med det som no er vedteke» (av Norsk språkråd), og at «det ikkje er tilrådeleg å skipla den stabiliteten som gjeldande rettskriving trass alt representerer». Det vart òg synt til at rådsvedtaka i fleire tilfelle hadde knapt fleirtal.

I 2005 blei rådet nyorganisert og fekk namnet Språkrådet. I 2009 sette ein i gang, som det står i mandatet for nynorsknemnda, «arbeidet med å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer», og «[m]ålet er å etablere ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid». Samtidig som norma skal vere stram, skal ho «appellere til språkbrukarar over heile landet», og ho skal ta omsyn til «breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreining og skriftspråktradisjonar». Nemnda la fram endeleg innstilling 1.4.2011, og styret i Språkrådet tilrådde Kulturdepartementet å vedta ei rettskriving i samsvar med nemnda si innstilling. Departementet godkjende rettskrivinga, og den nye rettskrivinga for nynorsk gjeld frå 1.8.2012.

## 2 Rettskrivingsreforma for bokmål av 2005

Hovudkjelda til denne framstillinga er dokumentet «Rettskrivningsendringer fra 1. juli 2005. Fastsatt ved brev fra Kultur- og kirke departementet 16. februar 2005», publisert av Norsk språkråd i mai 2005. Dette og mange andre offisielle normeringshistoriske dokument finst på Språkrådet sin nettstad, her:

<http://www.sprakradet.no/nb-no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/>

### 2.1 Slutt på skiljet mellom hovudformer og sideformer

Ei gjennomgripande endring var at skiljet mellom ein relativt trong læreboknormal og ei vidare rettskriving vart avskaffa. Dermed blei òg systemet med sideformer («klammeformer») fjerna. Den «normale» konsekvensen for ord med fleire hovud- og/eller sideformer var at begge/alle formene vart jamstilte. Men ein god del gamle sideformer blei tekne ut, og i nokre tilfelle var det gamle hovudformer som gjekk ut. I andre tilfelle att kom det inn nye former som ikkje hadde vore del av rettskrivinga. Her er nokre døme:

Gammal rettskriving:	Ny rettskriving:
<i>brant [brann]</i>	<i>brant</i>
<i>barna [barnene]</i>	<i>barna/barnene</i>
<i>beksel [bissel]</i>	<i>bissel</i>
<i>bevrer/bevere [beverer]</i>	<i>bevre/bevrer/bevere</i>
<i>sys/sys</i>	<i>sys</i>
<i>krevde</i>	<i>krevde/krevet</i>
<i>neide</i>	<i>neide/neia/neiet</i>

Nedanfor er det mange oversyn der eg set gammal og ny rettskriving opp mot kvarandre. I tilfelle der ei form fekk endra status, brukar eg følgjande symbol etter forma:

- ☠ = form som gjekk ut av rettskrivinga
- ☺ = form som hadde vore sideform og vart vidareført og dermed oppgradert
- ★ = form som kom inn i rettskrivinga

## 2.2 Substantiv

### 2.2.1 Hankjønn

Det blei ikkje gjort endringar i dei store regelrette klassane:

Uendra:

<i>båt</i>	<i>båten</i>	<i>båter</i>	<i>båtene</i>
<i>unge</i>	<i>ungen</i>	<i>unger</i>	<i>ungene</i>

I ord på trykklett *-er* vart det gjort ein del endringar i ubunde fleirtal: former på *[-erer]* gjekk ut, og ord som *bever* og *minister* fekk ei ny form på *-re* og samandraging av stammen. (Jf. liknande justeringar for hokjønn.)

Gammalt:

<i>baker</i>	<i>bakeren</i>	<i>bakere</i> [ <i>bakerer</i> ] ☠	<i>bakerne</i>
<i>bever</i>	<i>beveren</i>	<i>bevrer</i> <i>bevere</i> [ <i>beverer</i> ] ☠	<i>bevrene</i> <i>beverne</i>
<i>minister</i>	<i>ministeren</i>	<i>ministrer</i> <i>ministere</i> [ <i>ministerer</i> ] ☠	<i>ministrene</i> <i>ministerne</i>

Nytt:

<i>baker</i>	<i>bakeren</i>	<i>bakere</i>	<i>bakerne</i>
<i>bever</i>	<i>beveren</i>	<i>bevre</i> ★ <i>bevrer</i> <i>bevere</i>	<i>bevrene</i> <i>beverne</i>
<i>minister</i>	<i>ministeren</i>	<i>ministre</i> ★ <i>ministrer</i> <i>ministere</i>	<i>ministrene</i> <i>ministerne</i>

Tre andre vanlege ord fekk endringar i fleirtalsbøyinga (jf. liknande endring for hokjønnsordet *ski* nedanfor):

Gammalt:

<i>feil</i>	<i>feilen</i>	<i>feil</i>	<i>feilene</i>
<i>ting</i>	<i>tingen</i>	<i>ting</i>	<i>tingene</i>
<i>sko</i>	<i>skoen</i>	<i>sko</i> <i>skor</i> ☠	<i>skoene</i> <i>skorne</i> ☠

Nytt:

<i>feil</i>	<i>feilen</i>	<i>feil</i>	<i>feila</i> ★ <i>feilene</i>
<i>ting</i>	<i>tingen</i>	<i>ting</i>	<i>tinga</i> ★ <i>tingene</i>
<i>sko</i>	<i>skoen</i>	<i>sko</i>	<i>skoa</i> ★ <i>skoene</i>

### 2.2.2 Hokjønn

Det blei full jamstilling av trekjønnsystemet (med hankjønn, hokjønn og inkjekjønn) og tokjønnsystemet (med fellekjønn og inkjekjønn).

Fram til 2005 hadde substantiv som kan vere hokjønn, hatt to grupper av ord. Det vanlege var at endingane *-a* og *-en* (hokjønns- og hankjønnsbøying) i bunde eintal var jamstilte, og her kom det ingen endringar:

Uendra:

<i>seng</i>	<i>senga</i>	<i>senger</i>	<i>sengene</i>
	<i>sengen</i>		
<i>klokke</i>	<i>klokka</i>	<i>klokker</i>	<i>klokkene</i>
	<i>klokken</i>		

Men i ein god del ord hadde *-a* vore hovudform og *[-en]* sideform. Her vart hokjønns- og hankjønnsbøying no jamstilte. Alle bøyingsformene fekk dermed same status som i resten av gruppa av moglege hokjønnsord.

Gammalt:

<i>geit</i>	<i>geita</i>	<i>geiter</i>	<i>geitene</i>
	<i>[geiten]</i> ☺		
<i>hytte</i>	<i>hytta</i>	<i>hytter</i>	<i>hyttene</i>
	<i>[hytten]</i> ☺		

Nytt:

<i>geit</i>	<i>geita</i>	<i>geiter</i>	<i>geitene</i>
	<i>geiten</i> ☺		
<i>hytte</i>	<i>hytta</i>	<i>hytter</i>	<i>hyttene</i>
	<i>hytten</i> ☺		

Ut over desse endringane i status for former på *-en* blei det ikkje gjort endringar for dei store regelrette klassane.

Ord på trykklett *-er* fekk til dels nye former i ubunde fleirtal, jf. liknande justeringar for hankjønn.

Gammalt:

<i>hulder</i>	<i>huldra</i>	<i>huldrer</i>	<i>huldrene</i>
	<i>[hulderen]</i> ☺		
<i>skulder</i>	<i>skuldra</i>	<i>skuldrer</i>	<i>skuldrene</i>
	<i>skulderen</i>		

Nytt:

<i>hulder</i>	<i>huldra</i>	<i>huldre</i> ★	<i>huldrene</i>
	<i>hulderen</i> ☺	<i>huldrer</i>	
<i>skulder</i>	<i>skuldra</i>	<i>skuldre</i> ★	<i>skuldrene</i>
	<i>skulderen</i>	<i>skuldrer</i>	

Eitt vanleg ord fekk ei ny form i bunde fleirtal (jf. liknande endring for tre hankjønnsord ovanfor):

Gammalt:

<i>ski</i>	<i>skia</i>	<i>ski</i>	<i>skiene</i>
	<i>skien</i>	<i>skier</i>	

Nytt:

<i>ski</i>	<i>skia</i>	<i>ski</i>	<i>skia</i> ★
	<i>skien</i>	<i>skier</i>	<i>skiene</i>

### 2.2.3 Inkjekjønn

Det var få endringar i bøyinga av inkjekjønnssorda. Dei store regelrette klassane vart ikkje endra:

Uendra:	<i>hus</i>	<i>huset</i>	<i>hus</i>	<i>husa</i>
				<i>husene</i>
	<i>eple</i>	<i>eplet</i>	<i>epler</i>	<i>epla</i>
				<i>eplene</i>

Nokre få ord hadde hatt hovudform på *-a* og sideform på *[-ene]* i bunde fleirtal. No blei formene jamstilte, slik at orda gjekk inn i hovudklassen ovanfor.

Gammalt:	<i>barn</i>	<i>barnet</i>	<i>barn</i>	<i>barna</i>
				<i>[barnene]</i> ☺

Nytt:	<i>barn</i>	<i>barnet</i>	<i>barn</i>	<i>barna</i>
				<i>barnene</i> ☺

Andre ord med denne endringa var *bein*, *beist*, *hol*, *kol*, *krøtter*, *naut*, *segl*.

Ord med stamme på *-a* skulle framleis berre ha *-ene* i bunde fleirtal:

Uendra:	<i>skjema</i>	<i>skjemaet</i>	<i>skjema</i>	<i>skjemaene</i>
				<i>skjemaer</i>

### 2.2.4 Tilhøvet mellom genusa

Ord på suffikset *-ning* som ikkje står for personar, hadde hatt noko vekslande genus. No fekk alle valfritt hankjønn- eller hokjønnsbøying, t.d. *festninga/festningen* og *legninga/legningen* (før berre *festningen* og *legningen*).

Ein del ord på suffikset *-ing* som før berre hadde vore hankjønn, fekk òg valfritt hankjønn eller hokjønn, t.d. *lindringa/lindringen* (før berre *lindringen*). Andre var *hvelving/kvelving*, *høring*, *luftspeiling*, *munning*, *spenning*, *tegning*.

Ein del ord på *-skap* som før hadde vore hankjønn eller inkjekjønn, fekk no eitt genus: *Brorskap*, *farskap* og *vennskap* vart berre inkjekjønn, medan *jåleskap* og *vrienskap* blei berre hankjønn. *Eierskap* hadde ikkje vore normert; det vart no sett til inkjekjønn.

Andre endringar i genustilordninga (før > no) var *domene* (m/n > n), *kjemikalie* (m/n > m), *spermie* (m/n > m), *fossil* (n > m/n), *gjennomtrekk* (av folk) (m > m/n), *medgift*, *tilgift*, *utgift* (m > m/f, i samsvar med *avgift* m/f), *torv* (m/f/n > m/f), *null* (uklart > m/n).

## 2.3 Verb

### 2.3.1 Infinitiv

Sideformsystemet med kløyvd infinitiv blei teke ut, slik at berre *e*-infinitiv står att.

Gammalt:	<i>kaste</i>	<i>bore</i>	<i>finne</i>	<i>være</i>
	eller <i>kaste</i>	<i>[bora]</i> ☹	<i>finne</i>	<i>[væra]</i> ☹

Nytt:	<i>kaste</i>	<i>bore</i>	<i>finne</i>	<i>være</i>
-------	--------------	-------------	--------------	-------------

I framstillinga nedanfor er ikkje *a*-infinitivar tekne med jamvel om dei i nokre tilfelle var del av den gamle rettskrivinga.

### 2.3.2 Refleksivformer

Mange verb med stamme som endar på vokal, hadde hatt valfri ending *-es* eller *-s* i infinitiv og presens. Det vart no bestemt at endinga i infinitiv og presens skal ha *-e* berre i den grad presens aktiv har det, t.d. *sies* pga. *sier* og *sys* pga. *syr*. Forma *sees* er likevel tillaten sjølv om det heiter *ser* i presens aktiv. Verba *se(e)s* og *treffes* fekk òg endringar i visse andre former.

	Infinitiv	Presens	(Andre bøyingsformer er lite eller ikkje brukte.)
Uendra:	<i>kues</i>	<i>kues</i>	

	Infinitiv	Presens	(Andre bøyingsformer er lite eller ikkje brukte.)
Gammalt:	<i>syes</i> ☹	<i>syes</i> ☹	
	<i>sys</i>	<i>sys</i>	

Nytt:	<i>sys</i>	<i>sys</i>
-------	------------	------------

	Infinitiv	Presens	Preteritum	Supinum ( <i>har ...</i> )
Gammalt:	<i>ses</i>	<i>ses</i>	<i>sås</i>	<i>ses</i> ☹
	<i>sees</i>	<i>sees</i>	<i>såes</i>	<i>sees</i> ☹
				<i>settes</i>
	<i>treffes</i>	<i>treffes</i>	<i>traffes</i> ☹	<i>truffes</i>
			<i>trafs</i> ☹	

Nytt:	<i>ses</i>	<i>ses</i>	<i>sås</i>	<i>settes</i>
	<i>sees</i>	<i>sees</i>	<i>såes</i>	
	<i>treffes</i>	<i>treffes</i>	<i>treftes</i> ★	<i>treftes</i> ★
			<i>truffes</i>	

### 2.3.3 Sterke verb

Som hovudregel blei bøyinga av sterke verb ikkje endra.

	Infinitiv	Presens	Preteritum	Supinum ( <i>har ...</i> )
Uendra:	<i>skrive</i>	<i>skriver</i>	<i>skreiv</i>	<i>skrevet</i>
			<i>skrev</i>	
	<i>treffe</i>	<i>treffer</i>	<i>traff</i>	<i>truffet</i>

Der det før hadde vore val mellom  $\emptyset$  og *au* i preteritum (klasse 2), vart formene med *au* tekne ut, og i staden kom former med  $\emptyset$  inn.

	Infinitiv	Presens	Preteritum	Supinum ( <i>har ...</i> )
Gammalt:	<i>fyke</i>	<i>fyker</i>	<i>føk</i>	<i>føket</i>
			<i>fauk</i> ☹	
	<i>bryte</i>	<i>bryter</i>	<i>brøt</i>	<i>brutt</i>
			<i>braut</i> ☹	

Nytt:	<i>fyke</i>	<i>fyker</i>	<i>føk</i>	<i>føket</i>
			<i>føyk</i> ★	
	<i>bryte</i>	<i>bryter</i>	<i>brøt</i>	<i>brutt</i>
			<i>brøyt</i> ★	

I tillegg til *brøyt* og *føyk* fekk ein formene *bøy* (av *by*, utan *d*), *fløyt*, *frøys*, *gøyv*, *kløyv*, *krøyp*, *nøys*, *nøyt*, *røyk*, *røyt*, *skøyt*, *skøyv*, *smøyg*, *strøyk* og *tøyt* som alternativ til *bød*, *fløt*, *frøs* osv. (Frå før hadde ein *fløy* og *løy*, og der finst det ikkje former med monoftong, ettersom *øy* i dei verba er utvikla av *øg*, jf. *fly/flyge* og *lyge*.)

Verb som *gli* fekk ei form mindre i preteritum: før *gled/glei* [*gleid*], no *gled/glei*.

Ein god del andre sideformer i preteritum gjekk òg ut: [*brann, fann, rann, small, spann, svann, vann; fekk, gjekk; låg, såg; gret; galdt*]. Eineformer blei då *brant, fant, rant, smalt, spant, svant, vant; fikk, gikk; lå, så; gråt; gjaldt*. Preteritum vart av *bli* gjekk ut, medan *ble/blei* stod att.

I preteritum tok ein inn *skjet, svev* og *trev* i tillegg til *skeit, sveiv* og *treiv*, slik at desse verba som andre av klasse 1 fekk *e/ei* i den forma. Dessutan kom den svake forma *svivet* inn i både preteritum og supinum. Verbet *støkke* ('skvette') fekk preteritum *støkk* i tillegg til *stokk*.

For verbet *briste* gjekk supinum *brustet* ut, slik at berre *bristet* stod att.

Som før skal ikkje perfektum partisipp av sterke verb samsvarsbøyast anna enn i attributiv stilling, der det er eigne former og noko valfridom:

*en nystrøken/nystrøket vest*

*ei/en nystrøken/nystrøket skjorte*

*et nystrøket plagg*

*nystrøkne klær*

*den/det/de nystrøkne vesten/skjorta/skjorten/plagget/klærne*

#### 2.3.4 Tilhøvet mellom sterk og svak bøyning

Det vart teke inn sterke preteritumsformer i nokre verb som berre hadde hatt svak bøyning: *Betød, brød, fornam, jog* (berre visse tydingar) og *sved/svei* (transitiv bruk) kom i tillegg til *betydde, brydde, fornemma/fornemmet, jaga/jaget/jagde* og *svidde*.

I nokre andre verb blei sterke preteritumsformer tekne ut, slik at bøyinga vart reint svak: *Drap, rak, valt* (intransitiv bruk) og *varp* gjekk ut, medan *drepte, rekte, velta/veltet* og *verpa/verpet/verpte* blei ståande.

I endå nokre andre verb vart det teke ut sterke former i tillegg til at det blei innført svake. Verbet *ale* fekk t.d. inn preteritum og supinum *alet* i tillegg til preteritum *alte* og supinum *alt*, og preteritum [*ol*] gjekk ut. Verbet *veve* fekk inn preteritum og supinum *veva* og *vevet* i tillegg til preteritum *vevde* og supinum *vevd*, og preteritum *vov* gjekk ut.

#### 2.3.5 Svake verb

Det vart ikkje gjort systemendringar i bøyinga av svake verb, med unnatak av strykinga av former som [*greidde, greidd*], jf. nedanfor. Svake verb i bokmål har fire–fem viktige bøyingsmønster:

	Infinitiv	Presens	Preteritum	Supinum ( <i>har ...</i> )
Uendra:	<i>kaste</i>	<i>kaster</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>
	<i>kaste</i>	<i>kaster</i>	<i>kastet</i>	<i>kastet</i>
	<i>leve</i>	<i>lever</i>	<i>levde</i>	<i>levd</i>
	<i>føre</i>	<i>fører</i>	<i>førte</i>	<i>ført</i>
	<i>sy</i>	<i>sy</i>	<i>sydde</i>	<i>sydde</i>

I verb som har preteritum og supinum på *-a* eller *-et*, er det normalt val mellom dei to bøyingane, men reforma innførte ein del nye tilfelle av brot med dette hovudprinsippet (jf. nedanfor), slik at nokre verb har *-et*, men ikkje *-a*, eller omvendt.

Som før skal ikkje perfektum partisipp samsvarsbøyast anna enn i attributiv stilling, der det er ei eiga form for fleirtal og dei bundne formene:

*den utkasta/utkastede/utkastete gjesten*  
*den utlevde mannen*  
*den utførte vara/varen*

I verb der stammen endar på diftong, og som hadde hatt sideform på [-dde] i preteritum og [-dd] i supinum, gjekk sideforma ut. (I nokre tilfelle, som *føye*, blei det gjort andre endringar i tillegg.)

	Infinitiv	Presens	Preteritum	Supinum ( <i>har ...</i> )
Gammalt:	<i>greie</i>	<i>greier</i>	<i>greide</i> [greidde] ☒	<i>greid</i> [greidd] ☒
	<i>føye</i>	<i>føyer</i>	<i>føyde</i> [føydde] ☒	<i>føyd</i> [føydd] ☒

Nytt:	<i>greie</i>	<i>greier</i>	<i>greide</i>	<i>greid</i>
	<i>føye</i>	<i>føyer</i>	<i>føyde</i> <i>føyet</i> ★	<i>føyd</i> <i>føyet</i> ★

Denne endringa gjaldt alle verb i éin bestemt bøyings(under)klasse av svake verb.

Elles vart det gjort ei stor mengde endringar som gjaldt kva bøyingsklasse einskildverb skal kunne bøyast etter. Dei viktigaste endringstypene er lista opp nedanfor. Med unntak av punkt (e) gjaldt ingen av endringane presens, så den forma er ikkje med i tabellane.

(a) Ved nokre verb med val mellom *-a* og *-te* i preteritum og *-a* og *-t* i supinum, t.d. *bake*, blei formene med *-a* tekne ut. Andre vanlege verb med same endring: *ase*, *brase*, *glane*, *rase*, *skape*, *smake*, *spare*, *svare*, *tale*.

	Infinitiv	Preteritum	Supinum ( <i>har ...</i> )
Gammalt:	<i>bake</i>	<i>baka</i> ☒ <i>bakte</i>	<i>baka</i> ☒ <i>bakt</i>

Nytt:	<i>bake</i>	<i>bakte</i>	<i>bakt</i>
-------	-------------	--------------	-------------

(b) Ved nokre verb med val mellom *-a*, *-et* og *-te* i preteritum og *-a*, *-et* og *-t* i supinum vart formene med *-te* og *-t* tekne ut. Fleire av desse verba har stamme på *-eit* eller *-øyt*, dvs. at dei formene som blei tekne ut, hadde dobbel *tt* etter diftong – jf. at sideformer med *dd* etter diftong òg vart tekne ut (ovanfor). Andre vanlege verb enn dei i tabellen med same endring: *blåne*, *brøyte*, *fløyte*, *leite*, *trylle*.

	Infinitiv	Preteritum	Supinum ( <i>har ...</i> )
Gammalt:	<i>brune</i>	<i>bruna</i> <i>brunet</i> <i>brunte</i> ☒	<i>bruna</i> <i>brunet</i> <i>brunt</i> ☒
	<i>beite</i>	<i>beita</i> <i>beitet</i> <i>beitte</i> ☒	<i>beita</i> <i>beitet</i> <i>beitt</i> ☒
	<i>røyte</i>	<i>røyta</i> <i>røytet</i> <i>røyte</i> ☒	<i>røyta</i> <i>røytet</i> <i>røytt</i> ☒

Nytt:	<i>brune</i>	<i>bruna</i> <i>brunet</i>	<i>bruna</i> <i>brunet</i>
	<i>beite</i>	<i>beita</i> <i>beitet</i>	<i>beita</i> <i>beitet</i>
	<i>røyte</i>	<i>røyta</i> <i>røytet</i>	<i>røyta</i> <i>røytet</i>



(c) Ved ei lang rekkje verb med *-de* eller *-te* i preteritum og *-d* eller *-t* i supinum blei det teke inn former med *-et* (men ikkje *-a*) i tillegg. Eitt verb (*råde*) hadde frå før endingane *-dde* og *-dd*.

	Infinitiv	Preteritum	Supinum ( <i>har ...</i> )
Gammalt:	<i>kreve</i>	<i>krevde</i>	<i>krevd</i>
	<i>flømme</i>	<i>flømte</i>	<i>flømt</i>
	<i>råde</i>	<i>rådde</i>	<i>rådd</i>
Nytt:	<i>kreve</i>	<i>krevde</i>	<i>krevd</i>
		<i>krevet</i> ★	<i>krevet</i> ★
	<i>flømme</i>	<i>flømte</i>	<i>flømt</i>
		<i>flømmet</i> ★	<i>flømmet</i> ★
	<i>råde</i>	<i>rådde</i>	<i>rådd</i>
		<i>rådet</i> ★	<i>rådet</i> ★

Andre vanlege verb som fekk val mellom *-de* og *-et* i preteritum og mellom *-d* og *-et* i supinum: *avfeie*, *bygge* (*forebygge*, *underbygge*), *bøye*, *eie* (øg *ätte* i preteritum og *ått* i supinum), *fornøye*, *føye*, *gnage* (øg *gnog* i preteritum), *hugge* (øg *hugg* i preteritum), *streve*, *øve*.

Andre vanlege verb som fekk val mellom *-te* og *-et* i preteritum og mellom *-t* og *-et* i supinum: *demme*, *flekke*, *forene*, *helle*, *hule*, *hvesse*, *klenge*, *kneppe*, *lene*, *nære*, *nøre*, *påskjønne*, *rekke* (opp), *sale*, *samtykke*, *skylle*, *skynde*, *spire*, *spole*, *stile*, *stille*, *svelle*, *syre*, *syte*, *telle* (øg *talte* i preteritum og *talt* i supinum), *trykke*, *tære*, *venne*, *væte*, *yre*, *øde*.

(d) Ved ei rekkje verb med *-te* i preteritum og *-t* i supinum vart det teke inn både *-a* og *-et*. To verb (*neie* og *sneie*) hadde frå før endingane *-de* og *-d*.

	Infinitiv	Preteritum	Supinum ( <i>har ...</i> )
Gammalt:	<i>speile</i>	<i>speilte</i>	<i>speilt</i>
	<i>neie</i>	<i>neide</i>	<i>neid</i>
Nytt:	<i>speile</i>	<i>speilte</i>	<i>speilt</i>
		<i>speila</i> ★	<i>speila</i> ★
		<i>speilet</i> ★	<i>speilet</i> ★
	<i>neie</i>	<i>neide</i>	<i>neid</i>
		<i>neia</i> ★	<i>neia</i> ★
		<i>neiet</i> ★	<i>neiet</i> ★

Andre vanlege verb som fekk val mellom *-a*, *-et* og *-te* i preteritum og *-a*, *-et* og *-t* i supinum: *beruse*, *ble(i)ke*, *døse*, *huke*, *hyre*, *krøke*, *kvesse*, *mose*, *røyne*, *skrelle*, *sløre*, *sose*, *sprise*, *strene*, *sture*, *sveipe*, *svire*.

(e) Ein del verb som hadde hatt val mellom kortform og langform i infinitiv og presens, fekk enten berre kortformer (t.d. *blø*) eller berre langformer (t.d. *gløde*). Andre vanlege verb som blei endra (her med ny eineform): *glede*, *nøde*, *skade*, *tiltre*.

	Infinitiv	Presens	Preteritum	Supinum ( <i>har ...</i> )
Gammalt:	<i>blø</i>	<i>blør</i>	<i>blødde</i>	<i>blødd</i>
	<i>bløde</i> ☞	<i>bløder</i> ☞		
	<i>glø</i> ☞	<i>glør</i> ☞	<i>glødde</i>	<i>glødde</i>
	<i>gløde</i>	<i>gløder</i>	<i>gløda</i>	<i>gløda</i>
		<i>glødet</i>	<i>glødet</i>	
Nytt:	<i>blø</i>	<i>blør</i>	<i>blødde</i>	<i>blødd</i>
	<i>gløde</i>	<i>gløder</i>	<i>glødde</i>	<i>glødde</i>
			<i>gløda</i>	<i>gløda</i>
			<i>glødet</i>	<i>glødet</i>

(f) Nokre andre endringar innanfor dei svake verba:

	Infinitiv	Preteritum	Supinum ( <i>har ...</i> )
Gammalt:	<i>brygge</i>	<i>brygga</i> <i>brygget</i> <i>brygde</i> ☞	<i>brygga</i> <i>brygget</i> <i>brygd</i> ☞
	<i>dø</i>	<i>døde</i> <i>dødde</i> ☞	<i>dødd</i>
	<i>føde</i>	<i>fødte</i> <i>fødde</i> ☞	<i>født</i> <i>fødd</i> ☞
	<i>pløye</i>	<i>pløyde</i> <i>pløgde</i> ☞	<i>pløyd</i> <i>pløgd</i> ☞
	<i>sløye</i>	<i>sløyde</i> <i>sløgde</i> ☞	<i>sløyd</i> <i>sløgd</i> ☞
	<i>tie</i>	<i>tidde</i> <i>tagde</i> ☞	<i>tidd</i> <i>tagd</i> ☞
	<i>tore</i> <i>tørre</i>	<i>torde</i>	<i>tort</i>
	<i>trå</i>	<i>trådde</i> <i>tro</i>	<i>trådd</i>

Nytt:	<i>brygge</i>	<i>brygga</i> <i>brygget</i>	<i>brygga</i> <i>brygget</i>
	<i>dø</i>	<i>døde</i>	<i>dødd</i>
	<i>føde</i>	<i>fødte</i>	<i>født</i>
	<i>pløye</i>	<i>pløyde</i>	<i>pløyd</i>
	<i>sløye</i>	<i>sløyde</i> <i>sløya</i> ★ <i>sløyet</i> ★	<i>sløyd</i> <i>sløya</i> ★ <i>sløyet</i> ★
	<i>tie</i>	<i>tidde</i> <i>tiet</i> ★	<i>tidd</i> <i>tiet</i> ★
	<i>tore</i> <i>tørre</i>	<i>torde</i> <i>turte</i> ★	<i>tort</i> <i>turt</i> ★
	<i>trå</i>	<i>trådde</i> <i>trådte</i> ★ <i>tro</i>	<i>trådd</i> <i>trådt</i> ★

## 2.4. Adjektiv m.m.

### 2.4.1 Positiv

Dei færraste adjektiv vart råka av reforma.

Det blei gjort to små systemendringar:

(a) Ord med stammeutlyd på diftong hadde hatt val mellom ei hovudform på *-t* og ei sideform på *[-tt]* i ubunde eintal inkjekjønn. Sideforma vart teken ut.

	Eintal ubunden form		
	Han-/Hokjønn	Inkjekjønn	Fleirtal / Bunden form
Gammalt:	<i>grei</i>	<i>greit</i> <i>[greitt]</i> ☞	<i>greie</i>
	<i>flau</i>	<i>flaut</i> <i>[flautt]</i> ☞	<i>flaue</i>
Nytt:	<i>grei</i>	<i>greit</i>	<i>greie</i>
	<i>flau</i>	<i>flaut</i>	<i>flaue</i>

(b) Ord på vokal pluss *-en* hadde hatt valfri eller obligatorisk samandraging i fleirtal og bunden form. No blei former utan samandraging obligatoriske.

		Eintal ubunden form		
		Han-/Hokjønn	Inkjekjønn	Fleirtal / Bunden form
Gammalt:		<i>gåen</i>	<i>gåent</i>	<i>gåne</i> ☞
		<i>vrien</i>	<i>vrient</i>	<i>vrine</i> ☞ <i>vriene</i>
Nytt:		<i>gåen</i>	<i>gåent</i>	<i>gåene</i> ★
		<i>vrien</i>	<i>vrient</i>	<i>vriene</i>

## 2.4.2 Komparativ og superlativ

To sentrale ord fekk nye komparativformer i tillegg til dei gamle: *fler* i tillegg til *flere* (av *mange*) og *mere* i tillegg til *mer* (av *mye*).

Ein del komparativ- og superlativformer gjekk ut. Det gjaldt *høgre*, *høgst*, *inst*, *nedst*, *nørdre*, *ytst*, *øvst*. Dermed stod desse formene att: *høgere/høyere*, *høgest/høyst*, *innerst*, *nederst*, *nordre*, *ytterst*, *øverst*.

## 2.5 Pronomen og determinativ

Det var ikkje mange endringar i desse ordklassane. Pronomenforma [*ho*] gjekk ut, slik at det no heiter berre *hun* – *henne*.

Forma *syv* vart teken inn i tillegg til *sju*. Derimot tok ein ikkje inn *tyve* eller *tredve*; det skal heite *tjue* og *tretti*. Det heiter dermed òg *tjuesju/tjuesyv*, men ikkje *tyvesju* eller *tyvesyv*.

Demonstrativet *hin* hadde før hatt val mellom *hint* og [*hitt*] i inkjekjønn; sideforma gjekk ut.

## 2.6 Endringar i vokalismen

Det blei fjerna mange former der det hadde vore valfridom i vokalismen.

Gammal variasjon mellom ...	Former som vart ståande	Former som gjekk ut
<i>a</i> og <i>e</i>	<i>bar</i> , <i>lamme</i> , <i>marg</i> (bein-), <i>trakt</i> (reiskap) <i>kobber/kopper</i> , <i>messing</i> , <i>nese</i>	[ <i>berr</i> ], <i>lemme</i> , <i>merg</i> , <i>trekt</i> [ <i>koppar</i> ], [ <i>massing</i> ], [ <i>nase</i> ]
<i>a</i> og <i>o</i>	<i>aske</i> , <i>harv</i> , <i>maske</i> ('lykkje') <i>koldjomfru</i> , <i>koldtbord</i> , <i>trost</i>	<i>oske</i> , [ <i>horv</i> ], [ <i>moske</i> ] <i>kaldjomfru</i> , <i>kaldtbord</i> , <i>trast</i>
<i>a</i> og <i>å</i>	<i>abbor</i> , <i>fra</i> , <i>mandag</i> , <i>skramme</i> , <i>trav</i>	<i>åbor</i> , [ <i>frå</i> ], [ <i>måndag</i> ], <i>skråme</i> , <i>tråv</i>
<i>e</i> og <i>ei</i>	<i>bredde</i> , <i>ed</i> , <i>hvete</i> , <i>leder</i> , <i>lest</i> , <i>renske</i> , <i>slesk</i> , <i>spreder</i> , <i>tresk</i>	<i>breidd</i> , [ <i>eid</i> ], <i>kveite</i> , [ <i>leier</i> ], <i>leist</i> , [ <i>reinske</i> ], [ <i>sleisk</i> ], <i>spreier</i> , [ <i>treisk</i> ]
<i>e</i> og <i>i</i>	<i>ekorn</i> , <i>leppe</i> , <i>revne</i> <i>blikk</i> (metall), <i>briste</i> , <i>hilse</i> , <i>ild</i> , <i>kirke</i> , <i>livne</i> , <i>siv</i>	<i>ikorn</i> , [ <i>lippe</i> ], <i>rivne</i> <i>blekk</i> , <i>breste</i> , <i>helse</i> , <i>eld</i> , <i>kjerke</i> , [ <i>levne</i> ], <i>sev</i>
<i>e</i> og <i>æ</i>	<i>gjev</i> , <i>seter</i>	<i>gjæv</i> , [ <i>sæter</i> ]
<i>e</i> og <i>ø</i>	<i>bjelle</i> , <i>tjern</i>	<i>bjølle</i> , <i>tjørn</i>
<i>i</i> og <i>y</i>	<i>endeligt</i> , <i>klippe</i>	<i>endelykt</i> , [ <i>klyppe</i> ]

<i>o (u) og ø</i>	<i>morr (-pølse), slokke/slukke</i>	<i>[mørr], [sløkke]</i>
<i>o og au</i>	<i>flom, tom</i>	<i>[flaum], [taum]</i>
<i>o og u</i>	<i>albue, botn/bunn kronglet(e)</i>	<i>alboge, [bonn] krunglet(e)</i>
<i>y og ø</i>	<i>lykt tønne</i>	<i>[løkt] tynne</i>
<i>ø og au</i>	<i>død (subst.), døv, høst, løk, nød, rød</i>	<i>[daude]‡, [dauv], [haust], [lauk], [naud], [raud]‡</i>
<i>e og ingen vokal (inne i ord)</i>	<i>juggel, kjekkel, rukkel, sikkel</i>	<i>jugl, kjekl, rukl, sikl</i>
<i>e og ingen vokal (sist i ord)</i>	<i>bit, flik, kahytt, kran, list (-verk), premiss, revolt, tass</i>  <i>bredde, lengde, mengde, tyngde</i>  <i>flate, havfrue, husvære, kagge, knoke, knute, koll, køye, leire, reise, slire, snitte (mat), spile, stappe (mos), tilvære, tåre, åre (til roing)</i>	<i>bite, flike, kahytte, krane, liste, premisser, revolte, tasse</i>  <i>breidd, lengd, mengd, tyngd</i>  <i>flat, havfru, husvær, kagg, knok, knut, koll, køy, leir, reis, slir, snitt, spil, stapp, tilvær, tår, år</i>

‡Formene *daude* og *raud* står likevel att i nokre samansettingar.

Elles gjekk *rauv*, *seinke*, *skuve* og [*tjøre*] ut, medan *ræv*, *sinke*, *skyve* og *tjære* blei ståande. I nokre få tilfelle kom det inn former med ny vokal (ny form i feit skrift): *pel/pæl*, *tre/træ* (ha tråd i nål), *trelle/træle* (slite).

Eitt ord fekk ei form utan utlydande *-e* i tillegg til *éi* med: *dobb/dobbe* (t.d. til øyret).

## 2.7 Endringar i konsonantismen

Det vart fjerna ein god del former der det hadde vore valfridom i konsonantismen.

Gammal variasjon mellom ...	Former som vart ståande	Former som gjekk ut
<i>d og t</i>	<i>fortryde, midd, pode (kvister), sludd, strede</i>	<i>fortryte, mit, pote, slut, [strete]</i>
<i>g og k</i>	<i>hige, regne (kalkulere)</i>	<i>[hike], rekne</i>
<i>mn og vn</i>	<i>favn, havn (for båtar), ovn, ravn, stevne</i>	<i>famn, hamn, omn, ramn, stemne</i>
<i>v og ingen konsonant</i>	<i>vrist stue (’pakke’), hue, lue, skrue, tue</i>	<i>rist stuve, huve, luve, skruve, tuve</i>
<i>hv (v) og kv m.m.</i>	<i>hvete, hvitting, hvor, hvorfor, veps</i>	<i>kveite, kviting, [kor], [korfor, åffer], [kvefs]</i>
<i>d og r</i>	<i>brud, ned, nede</i>	<i>brur, [ner], [nere]</i>
<i>d og dd</i>	<i>middel (’pengar’)</i>	<i>midel</i>
<i>k og kk</i>	<i>gnikke</i>	<i>gnike</i>
<i>l og ll</i>	<i>føll, krill, tall</i>	<i>føl, kril, tal</i>
<i>n og nn</i>	<i>grønn</i>	<i>grøn</i>
<i>s og ss</i>	<i>glass, glissen, kompass</i>	<i>glas‡, glisen, kompas</i>
<i>t og tt</i>	<i>tytebær let (’farge’)</i>	<i>[tytebær] lett</i>

‡Likevel *glas* ’vindauge’.

## 2.8 Ulike andre endringar

Ein god del andre former gjekk ut, t.d. *bakster, drøpel, fremmend, hugse, i hel, stele (steler, stal, stålet), truge, veke* og *vitskap*, medan *bakst, drøvel, fremmed, huske, i hjel, stjele (stjeler, stjal, stjålet), true, uke* og *vitenskap* blei ståande. Eintalsformene *blomster* og *blomsteren* gjekk ut, slik at berre *blomst (blomsten, blomster, blomstene)* stod att.

Ei rekkje ord med suffikset *-sle* som alternativ til *-sel* vart tekne ut. Det gjaldt t.d. *ferdsle, hengsle, stengsle, tilførsle* og *trengsle*, medan *ferdsel, hengsel, stengsel, tilførsel* og *trengsel* blei ståande.

Ikkje mange nye former kom inn. Nokre som kan nemnast, var *hverken* i tillegg til *verken*, *flyver* i tillegg til *flyger* og *ad-* i tillegg til *at-* framfor ustemd konsonant (t.d. *adferd/atferd, adkomst/atkomst, før atferd* og *atkomst*).

Det vart valfritt *lysing/lysning* ('kunngjering') og *utblåsing/utblåsning*, begge før med berre *-ing*.

Stavemåten *geburtsdag* blei endra til *gebursdag*.

## 2.9 Endringar som òg gjaldt nynorsk

Samtidig med rettskrivingsreforma for bokmål vart det gjort ein del fellesvedtak for bokmål og nynorsk. Det gjaldt til dels høgt spesialisert og perifert ordforråd, og her skal vi berre sjå på nokre meir sentrale punkt. Noko er endringar, og anna gjeld normering av ord som ikkje hadde vore normerte før. I døma nedanfor skil teiknet | mellom bokmål og nynorsk.

Kjelda er dokumentet «Rettskrivningsendringer fra 1. juli 2005. Fastsatt ved brev fra Kultur- og kirke departementet 16. februar 2005», jf. innleiinga om bokmålsreforma.

### 2.9.1 Fornorsking av stavemåte

Tilpassing av lånord til norsk stavemåte og norske bøyingsmønster er former for normering som føregår nokså uavhengig av dei større rettskrivingsreformene.

I 2005 fekk ein del ord alternativ fornorska stavemåte i tillegg til framand stavemåte.

Fornorskingsendring	Former som vart ståande	Former som kom inn
<i>c &gt; k</i>	<i>bacalao, cannabis, caravan, maracas</i>	<i>bakalao, kannabis, karavan, marakas</i>
<i>ch &gt; k</i>	<i>dachs, masochisme</i>	<i>daks, masokisme</i>
<i>ch &gt; sj</i>	<i>nonchalant</i>	<i>nonsjalant</i>
<i>ck &gt; k</i> eller <i>kk</i>	<i>gimmick, racket, snacks</i>	<i>gimmik, rekkert, snaks</i>
<i>e &gt; ø</i>	<i>serve (subst.), serve (verb), server</i>	<i>sørv, sørve, sørver/sørvar</i>
div. andre	<i>beige, pistasie, pyjamas, scenario, schæfer, single (adj. og subst.)</i>	<i>besj, pistasj, pysjamas, senario, sjæfer, singel</i>

Ein gammal fornorska stavemåte blei endra i *score/skår* ('poengresultat'; før *score/skåre*).

Andre vegen gjekk ein då alternativ engelsk stavemåte vart innført att for *jackpot/jekkpott*, *toddy/toddi*. Fornorska stavemåte blei fjerna for *skylight* (før òg *skeileit*).

Ord som *brunsj* og *hidsjab/hijab* vart normerte for første gong.

### 2.9.2 Andre endringar

Det skal vere valfritt mellom grunntalsform og rekkjetalsform i alle brøkuttrykk, t.d. *seksdel* eller *sjattedel*, *femtendel* eller *femtendedel/femtandedel* (før: obligatorisk grunntalsform frå 13 og oppover, dvs. *seksdel* eller *sjattedel*, men berre *femtendel*).

Ein fekk endring til t.d. *imbesil*, *imbesilitet* (før: *imbesill*, *imbesillitet*), *kasserolle* (før òg *kasseroll*), *kjip* (før: *kip*), *koffein* (før òg *kaffein*), *litot* (før òg *litotes*), *manikyr*, *pedikyr* (før òg *manikyre*, *pedikyre*), *privilegium* (før òg *privileg*), *spermie* (før òg *spermium*), *tanks* (før òg *tank*), *treig* (i tillegg til *treg*), *tunell/tunnel* (før berre *tunnel*).